

Møteprotokoll

Råd: Bjerkreim sokneråd

Dato og tid: 01.10.2025, 19:30

Stad: Bjerkreim kyrkjekontor

Saksmappe: BS2025-25

Til stades: Gudbjørg Bjerkreim (leiar), Annbjørg Gravdal Larson (Nestleiar), Per Børge Hillestad (Prest), Andreas Osland (Medlem), Jan Tore Gjedrem (Medlem), Jane Fuglestad Rønning (Medlem), Kari Tove Vikeså (Medlem), Kristoffer Gilje (Medlem), Valborg Bjerkreim (Medlem), Vegard Mong (Medlem), Gunn Tone Grastveit Nilsen (Varamedlem)

Forfall:

Protokollfører: Astrid Apalset Vassbø

Kristoffer hadde opning.

Sakslista

Faste Saker

045/25 FR - Godkjenning av innkalling og sakliste

046/25 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 3. september 2025

Møtesaker

047/25 FR - Tilstandsrapportar for kyrkjene

048/25 FR - Høyring ny prostistruktur i Stavanger bispedøme

049/25 FR - Status budsjett- og økonomiplan pr. sept. 2025

050/25 FR - Status minnelund pr 26. september

051/25 SR - Visjon for soknet

052/25 SR - Eventuellsaker 1. oktober 2025

Orienteringssaker

00009 FR - Kontaktmøte mellom kommune og sokn 10. september

00010 SR - Referat møte i gudstenesteutvalet 24. sept. 25

Gudbjørg Bjerkreim
leiar

Annbjørg Gravdal Larson
Nestleiar

045/25 FR - Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	01.10.2025	045/25

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Møtebehandling

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

046/25 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 3. september 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	01.10.2025	046/25

Forslag til vedtak

Protokollen frå 3. september 2025 er godkjent.

Møtebehandling

Ingen kommentarar til protokollen. Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Protokollen frå 3. september 2025 vert godkjent.

047/25 FR - Tilstandsrapportar for kyrkjene

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	01.10.2025	047/25

Forslag til vedtak

1. Soknerådet tek tilstandsrapportane og den oppdaterte søknaden om tiltak til orientering. Rapportane vert brukt som grunnlag for prioriteringar og søknadar i vidare arbeid.
2. Kyrkjeverja sjekkar opp om nokon av tiltaka kan få støtte av kyrkjebevaringsfondet.

Møtebehandling

Rådet var einige om at rapportane var interessante og kjekk lesnad. Bilete og vinklar ga innsyn i deler av kyrkjene som ein elles ikkje var bortom. Inntrykket etter å ha lese gjennom var at kyrkjene i stor grad vert godt ivaretatt og stelt godt med.

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

1. Soknerådet tek tilstandsrapportane og den oppdaterte søknaden om tiltak til orientering. Rapportane vert brukt som grunnlag for prioriteringar og søknadar i vidare arbeid.
2. Kyrkjeverja sjekkar opp om nokon av tiltaka kan få støtte av kyrkjebevaringsfondet.

048/25 FR - Høyring ny prostistruktur i Stavanger bispedøme

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	01.10.2025	048/25

Forslag til vedtak

1. Bjerkreim sokn gjev høyringsinnspel i saka innan fristen.
2. Kyrkjeverja skriv eit utkast til høyringssvar som AU og evt. andre interesserte får til gjennomlesing slik at eventuelle kommentarar kan innarbeidast i teksten før innsending.
3. Bjerkreim sokn støttar forslaget til utviding av Dalane prosti til òg å ha med **Hå og Gjesdal/Hå, Time og Klepp**. Soknerådet meiner dette nye prostiet bør heite _____ (enten Dalane og Sør-Jæren prosti eller Sør-Rogaland prosti).

Møtebehandling

Soknerådet hadde ein god diskusjon om høyringa om framtidige prosti. Innspelet som var mottatt frå Jæren vart drøfta på linje med rapporten frå utvalet sett ned frå bispedømerådet.

Det står i rapporten frå bispedømerådet at Dalane er sårbart pga at det er få prestar i dette prostiet. Dette er noko av grunngjevinga for ynskjete om å endre prostistrukturen, og soknerådet såg dette argumentet for at Dalane må bli ein del av eit større prosti. Det er eit godt argument frå Jæren om at Gjesdal har Figgjo felles med Sandnes og at det difor er meir naturleg for Gjesdal å gå den vegen enn sørover. Rådet landa difor på å støtte forslaget om at Time, Klepp og Hå vert slått saman med Dalane, og at Gjesdal heller går mot Sandnes.

Egersund er eit naturleg geografisk midtpunkt i eit eventuelt nytt prosti med Dalane, Hå, Time og Klepp. Soknerådet var klare på at prostesetet framleis bør vere i Egersund, elles vert det for lang avstand til prostesetet særleg frå Sokndal og Lund.

Vedtaket vart einstemmig.

Vedtak

1. Bjerkreim sokn gjev høyringsinnspel i saka innan fristen.
2. Kyrkjeverja skriv eit utkast til høyringssvar med utgangspunkt i diskusjonen i soknerådet. AU får høyringsutkastet til gjennomlesing slik at eventuelle kommentarar kan innarbeidast i teksten før innsending.
3. Bjerkreim sokn støttar forslaget til utviding av Dalane prosti til òg å ha med Hå, Time og Klepp. Soknerådet meiner dette nye prostiet bør heite Dalane og Jæren prosti og at prostesetet bør vere i Egersund.

049/25 FR - Status budsjett- og økonomiplan pr. sept. 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	01.10.2025	049/25

Forslag til vedtak

1. Oversikta over rekneskap vs. budsjett sept. 2025 vert tatt til orientering.
2. Det er ikkje behov for å justere budsjettet.

Møtebehandling

Soknet har god økonomi. Ting ein ynskjer å gjennomføre tek ofte lenger tid enn håpt, og budsjetterte midlar kan difor stå urørt. Eksempelvis er ikkje arbeidet for å bygge utbygg over inngangen til bårerommet tatt tak i.

Det var sendt ut oversikt over status pr. september, både i tekst og tal. Soknerådet uttrykte at det er nyttig med kommentarar direkte i tabelloversikta for å forstå kva tabellen viser.

Forslag til vedtak vart samstemmig vedtatt.

Vedtak

1. Oversikta over rekneskap vs. budsjett sept. 2025 vert tatt til orientering.
2. Det er ikkje behov for å justere budsjettet.

050/25 FR - Status minnelund pr 26. september

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	01.10.2025	050/25

Forslag til vedtak

Orienteringa ang. status for arbeidet med minnelund vert tatt til orientering.

Møtebehandling

Kyrkjeverja hadde snakka med statsforvaltaren i Vestfold/Telemark same dagen som møtet var, og inntrykket er at dei no har mottatt det som trengs for å kunne godkjenne den namna minnelunda på Bjerkreim kyrkjegard.

I samband med dette prosjektet trengs det oppdatering av vedtektene for kyrkjegardane i Bjerkreim for å få med reglar for minnelund òg. Det gjenstår òg ei oppmåling av koordinatar for tiltaket.

Forslag til vedtak vart samstemmig vedtatt.

Vedtak

Orienteringa ang. status for arbeidet med minnelund vert tatt til orientering. Utkast til vedtekter for namna minnelund vert tatt opp som sak på neste møte.

051/25 SR - Visjon for soknet

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	01.10.2025	051/25

Forslag til vedtak

Bjerkreim sokn brukar "Alle er velkomne. Ingen er perfekt. Alt kan skje" som sin visjon.

Møtebehandling

Soknerådet vedtok samstemmig forslag til visjon for Bjerkreim sokn.

Vedtak

Bjerkreim sokn brukar "Alle er velkomne. Ingen er perfekt. Alt kan skje" som sin visjon.

052/25 SR - Eventueltsaker 1. oktober 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	01.10.2025	052/25

Forslag til vedtak

1. Det var ein vellukka fest for gullkonfirmantane. Veldig kjekt at ordføraren deltek. Evt innspel frå diskusjonen vert tatt med i planlegginga fram mot festen i 2026.

2. I løpet av 2026 vert det lagt opp til besøk til kyrkjene og gravplassane i samband med soknerådsmøte. Når det vert blir sett i samband med lengde på sakskart og vervarsel.

Møtebehandling

1. Både gjester, vertskap og kjøkenhjelparar var godt nøgde med gullkonfirmantfeiringa.
2. Forslaget om å ta ei befarang til Ørdsalen, Ivesdal og evt til Bjerkreim i tillegg vart positivt tatt i mot.

Vedtak

1. Det var ein vellukka fest for gullkonfirmantane. Veldig kjekt at ordføraren deltek. Innspel frå diskusjonen som vert tatt med i planlegginga fram mot festen i 2026:

- Hugs tannpirkarar
- Sett av egne benkar i kyrkja til gullkonfirmantane, og informer om dette i brevet som går ut med invitasjon
- Gudbjørg er gjerne kyrkjevert på denne gudstenesta til neste år òg
- Sjekk at alt til middagen er med i første levering (sausene var ikkje med i år)

2. I løpet av 2026 vert det lagt opp til besøk til kyrkjene og gravplassane i samband med soknerådsmøte. Når det vert blir sett i samband med lengde på sakskart og vervarsel.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	01.10.2025	00009

00009 FR - Kontaktmøte mellom kommune og sokn 10. september

Informasjon

I denne saka kom det opp eit spørsmål ang. kommentaren som låg inne om at kommunen vurderer å flytte kyrkjekontoret tilbake til kommunehuset. Eit argument mot ei slik flytting er at det kan kjennast meir diskret å kome innom kyrkjekontoret for ein prat med presten dersom det ikkje er på kommunehuset.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	01.10.2025	00010

00010 SR - Referat møte i gudstenesteutvalet 24. sept. 25

Informasjon

Ang. tilbod om barnesamling: Soknerådet er svært positive til tilbodet og ynskjer det velkome. Rådet vil tilrå at barnesamlinga vert for aldersgruppa 4-8 år. Dei aller minste kan vere i leikekroken, og eldre barn kan vere i kyrkja under preika.

Per Børge tek ein prat med Synnøve Røysland ang. barnesamling og praktisk gjennomføring.